

Eid Elektro AS er ein autorisert elektroentreprenør etablert i 1980 og medlem i Elfag-kjeden. Installasjonsavdelinga utfører oppdrag innan tradisjonell installasjon og service med sterk-/svakstraum, tele-/data-nettverk, alarmanlegg og montering av varmepumper. Teknisk avdeling driv hovudsakleg med tavlebygging og leveranse av automasjonsløysingar innanfor industri, offentleg og landbruk.

Vi held til i moderne lokaler på Nordfjordeid, i tillegg har vi montørbase i Syvde i Vanylven kommune og på Stadlandet i Selje kommune. Firmaet er i svært positiv utvikling og har behov for fleire flinke medarbeidarar. Vi kan tilby mange spennande arbeidsoppgåver og eit godt arbeidsmiljø.



For snarleg tilsetjing søker vi:

Elektrikar/elektromontør

Arbeidsoppgåvene kan spenne frå servicearbeid, små- og store prosjekt, el- og internkontroll, montering av varmepumper, svakstraumsarbeid, nettverk, alarminstallasjonar m.m.

Søklar må ha utdanning innan elektro med nokre års erfaring i faget eller annan relevant praksis. Fleire opplysningar kan Du få av leiar installasjons avd. Ståle Bruv-oll telefon 57 86 47 61, mobil 971 73319 eller stale@eidelektro.no

Vi ynskjer personar som likar å jobbe i eit miljø der det skjer noko heile tida, som kan ta ansvar og ynskjer å utvikle seg. Du må vere ryddig, positiv, utadvent, og kunne arbeide sjølvstendig innan både store og små oppdrag. Opplæring vil bli gitt.

Løn etter avtale. Gode forsikrings- og pensjonsordningar.

Skriftleg søknad sendast snarast eller innan 27.10. 2011 til:
Eid Elektro AS, Øyane 12 6770 Nordfjordeid eller post@eidelektro.no

Eid Elektro

Øyane 12, 6770 Nordfjordeid, www.eidelektro.no

elfag

elfag.no - når du trenger elektriker